

Renovering av skulen startar 19.mai

07.05.2014



**Leiinga for oppvekstsenteret  
har sendt dette skrivet til foreldre, brukarar og leigetakrar av  
Uskedalen skule og barnehage**

Uskedalen skule skal no gjennom ei renovering og i den samanheng er det ein del de som brukarar/leigetakrar må vita om og som de bør ta omsyn til. Oppstart vert måndag 19.mai.

Då vil entreprenøren starta med rigging, og heile parkeringsplassen/området mellom barnehagen og skulen blir avstengd. Det vil komma opp gjerde frå noverande inngang til barnehagen mot bosbygget vårt. Liknande gjerde vil gå frå hjørna av biblioteket og mot nabogrensa der.

Dette vil sei at all levering og henting til/frå barnehagen må gå føre seg via inngangen på grusbanen. Føresette må køyra ned på grusbanen og parkera der når dei skal bringa/henta.

Fint om føresette kører inntil gjerdet mot barnehagen (mellan innkjøringa til grusbanen og porten til barnehagen). Parkering for dei tilsette ved barnehagen/skulen vil bli i det øvste hjørna av grusbanen, eller på motsett side av skulen (mot Myklebust-bakkane). I fyrste fase er det fløyen mot aust (mot hovudvegen) som vil bli arbeidd på. Når skulen tek sommarferie skal denne fløyen vera ferdig, og ein set i gong arbeidet på motsett fløy (mot aktivitetshuset).

Det betyr at alle som leiger klasserom i austfløyen må belaga seg på å byta rom, eventuelt ikkje få tilgang til rom i denne perioden (19.mai-20.juni). Likeins vil det bli når arbeidet på motsett fløy tek til. Då blir alle rom, samt foajeen stengd, frå 20.juni. Etter planane skal ein vera ferdig med arbeidet til 8.august, slik at vi kan bruka tida fram mot skulestart

18.august til å komma i orden.

Vi ser fram mot å flytta inn i nye fine rom til hausten,  
og håpar de har forståing for at vi må gjera nokre  
endringar i tida arbeidet går føre seg.

**Uskedalen Oppvekstsenter**